



Pressemelding 24. juli 2020

## Hovudopptaket til høgare utdanning 2020

**Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning ved Samordna opptak, sender i hovudopptaket for 2020 ut tilbud om studieplass til 107 999 søkjarar. Dette er 8 680 fleire søkjarar med tilbud enn i 2019, ein auke på 8,7 %. Av 149 541 søkjarar, er 135 742 kvalifiserte for minst eitt studium. Det er ein oppgang på 14 724 søkjarar (12,2 %) frå 2019. Av dei kvalifiserte søkjarane har 79,6 % fått tilbud om studieplass. Til samanlikning var prosentdelen i 2019 på 82,1 %.**

Blant dei som får tilbud om studieplass, får 58 629 (54,3 %) tilbud på sitt høgast prioriterte studieønske. Dette er ein lågare del enn i 2019, kor tilsvarende tal var 57 489 (57,9 %).

Ved årets hovudopptak gis 43 001 av totalt 107 999 tilbud til menn, mens 64 998 tilbud gis til kvinner. Dette gir ein kvinnedel på 60,2 %, - mot 59,9 % i 2019.

Auken i tilbud om studieplass er størst i dei yngste aldersgruppene. I år er det 3191 fleire 19-åringar som får tilbud om studieplass, samanlikna med 2019. Det er auke i tal på kvalifiserte søkjarar og tilbud i alle aldersgrupper i årets opptak.

86,9 % av årets kvalifiserte søkjarar hadde elektroniske vitnemål lagra i Nasjonal vitnemålsdatabase (NVB). Dette gir grunnlag for automatisk kvalifisering og poengrekning av søknader og ei raskare og sikrere søknadsbehandling. I juli 2020 var det for første gong registrert meir enn 1 million digitale vitnemål i NVB.

– Det er rekordmange søkjarar i årets opptak. Det betyr hardare konkurranse på mange område. Samstundes tilbyr lærestadene stadig fleire studieplassar og aldri før har så mange fått tilbud om studieplass, seier Terje Mørland, avdelingsdirektør for utdanningstenester i Unit. 2020 har vore eit spesielt opptaksår, både på grunn av det store talet søkjarar og koronasituasjonen. Eg vil heidre alle lærestadene og Samordna opptak som har stått på enda meir enn normalt for å kome i mål med årets opptak, avsluttar Mørland.

### Endringar frå 2019

Det er størst prosentvis auke i utsendte tilbud til land- og havbruksfag (19,7 %), etterfølgt av informasjonsteknologi og informatikkfag (18,3 %). Det er sendt ut færre tilbud enn i fjor til pedagogiske fag (-1,4 %).

I år har reiseliv, lærarutdanning og juridiske fag nedgang i tal på førstevalssøkjarar. Samstundes er det auke i tal på kvalifiserte søkjarar på alle utdanningsområde i årets opptak. I [faktanotatet frå Samordna opptak finn du utfyllande statistikk](#) frå hovudopptaket 2020.

### Overbooking

Det er lyst ut 60 996 studieplassar til 1 303 studium ved 27 lærestader. I 2019 vart det tilsvarende lyst ut 58 741 plassar til 1 300 studium. Det er ein auke på 3,8 %. I reine tal er det størst auke i tal på tilbud til økonomisk-administrative fag, helsefag, samfunnsfag og teknologiske fag.

Det sendast ut fleire tilbud enn det er tal på planlagde studieplassar. Røynsla viser at mange takkar nei til studieplass eller ikkje møter opp ved studiestart. For å få fylt opp studieplassane er såkalla



overbooking nødvendig på mange studium. I 2019 svarte 65,4 % av søkerne ja til det tilbudet dei hadde fått om studieplass. 57,1 % vart til slutt registrert som møtt.

Overbooking i år er på 77,1 % mot 69,1 % i fjor.

#### 24. juli frist for å svare på tilbud i hovudopptaket

Søklarar som har fått tilbud om studieplass eller venteliste plass, har frist til og med 24. juli med å svare på [www.samordnaopptak.no](http://www.samordnaopptak.no). Viss ein søker ikkje svarer innan fristen, blir dette betrakta som nei-svar.

#### Fortsett ledige studie plassar

Oversikt over studium med ledige plassar vart lagt ut på nettsidene våre måndag 20. juli klokka 09.00. Alle kan søke på ledige studie plassar, uavhengig om dei har søkt tidlegare i år. Søklarar må vere kvalifiserte for å få tilbud om plass, og det er førstemann til mølla-prinsippet som gjeld.

#### Kontaktinformasjon

Meir informasjon om søking og opptak til høgare utdanning får du ved å [kontakte lærestadene eller Samordna opptak](#).

Statistikk og faktnotat for hovudopptaket 2020 publiserast [fredag 24. juli kl. 10.00 på Samordna opptak sine nettsider](#).

#### Pressekontaktar

Konstituert seksjonssjef Natasha Harkness – tlf. 901 14 590

Kommunikasjonssjef Åshild Berg-Tesdal – tlf. 911 39 271

---

Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning leverer eit breitt spekter av tenester til forskning og høgare utdanning. Unit har ei sentral rolle i oppfølginga av regjeringa sin digitaliseringspolitikk. Hovudkontoret ligg i Teknobyen i Trondheim. Unit har avdelingskontor i Fridtjof Nansens veg i Oslo.

---